

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: 14.09.2020
Vår ref.: 201203842-184
Arkiv: 511
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Thomas Mo Willig
22959377/tmwi@nve.no

Oddeheia og Bjelkeberget vindkraftverk - NVE sender over klage på avslag på søknad om utsett frist for idriftsetting av 06.07.2020

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) avslo i vedtak av 06.07.2020 søknad om utsett frist for idriftsetting av Oddeheia og Bjelkeberget vindkraftverk i Agder. Vedtaket er påklaga av Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wig AS, på vegne av RWE Wind Norway, Branch of RWE Wind Norway (RWE).

Klagen er gitt innan klagefristen og tilfredsstillar dei andre vilkåra for klagerett i forvaltningslovens kapittel VI. NVE har forberedt klagen i tråd med forvaltningsloven § 33.

Vi kan ikkje sjå at klagen gir grunnlag for å endra vårt vedtak av 06.07.2020. Klagen blir derfor oversendt til Olje- og energidepartementet (OED) for endeleg avgjerd.

Bakgrunn

E.ON Wind Norway, Branch of E.ON Wind Norway (E.ON) sendte melding til NVE om Storehei, Oddeheia og Bjelkeberget vindkraftverk 12.06.2012. På grunnlag av meldinga fastsette NVE eit utgreiingsprogram 19.11.2012. NVE tok imot konsesjonssøknaden om å bygga og driva Storehei, Oddeheia og Bjelkeberget vindkraftverk 30.04.2013. Søknaden vart sendt på høyring 01.05.2013 og E.ON fekk konsesjon til Storehei vindkraftverk 28.03.2014.

Konsesjonsvedtaket vart påklaga og oversendt til Olje- og energidepartementet (OED) 04.12.2012. I klagebehandlinga til OED vart Storehei avslått. Etter avslaget på Storehei gav NVE konsesjon til Oddeheia og Bjelkeberget den 08.12.2017. Vedtaket vart påklaga og oversendt OED 13.03.2018. OED stadfesta NVE sitt vedtak 20.12.2018. I 2019 endra E.ON Wind Norway, Branch of E.ON Wind Norway namn til RWE Wind Norway, Branch of RWE Wind Norway (RWE).

RWE søkte NVE 08.05.2020 om utsett frist for idriftsetting til 31.12.2023. NVE avslo i vedtak av 06.07.2020 søknaden frå RWE.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Klagen

RWE klaga på NVEs vedtak i brev av 17.07.2020. I det følgande er dei vesentlegaste klagegrunnene frå RWE samanfatta.

RWE meiner at verken NVEs brev eller Stortingets vedtak tilseier at det ikkje skal gis utsett frist for idriftsetting av Oddeheia og Bjelkeberget vindkraftverk

RWE viser til NVE sitt brev til konsesjonærar av 27.11.2019 og Stortingets vedtak av 19.06.2020, og meiner omsyna som brevet og Stortingets vedtaket er meint å ivareta, ikkje er aktuelle for dette vindkraftverket fordi det er ein relativt ny konsesjon. RWE viser til at bakgrunnen for Stortingets vedtak og NVEs brev, er å unngå at gamle konsesjonar skal leggja band på ressursar i lang tid ved at fristen for idriftsetting vert utsett fleire gongar. RWE meiner dette ikkje er aktuelt i denne saka, fordi dei berre ber om ei utsetting av fristen for idriftsetting innanfor det som er normalt.

RWE viser vidare til at Stortingets vedtak ikkje er rettsleg bindande og at NVE sjølv må ta ein sjølvstendig og veloverveid vurdering av om det bør gis utsett frist basert på praksis og omsyn som gjer seg gjeldande i den enkelte sak.

Saksbehandlingstid

RWE meiner det er urimeleg å gi utsett frist for høyringsfråsegn til MTA-/detaljplan, samtidig som risikoen for lang sakshandsamingstid i vedtaket i stor grad vert skyvd over på RWE. Viss det ikkje er mogleg å få utsett frist for idriftsetting bør sakshandstida for MTA-/detaljplan vera så kort som mogleg. Der rask sakshandsamingstid ikkje er mogleg, bør det iallfall vera mogleg å få ein utsett frist.

Elsertifikat

RWE er ikkje avhengig av elsertifikatordninga for å realisera prosjektet, det er derfor av mindre betydning i saken at fristen for idriftsetting er samanfallande med denne ordninga. RWE meiner det ikkje er nokon sjølvstendig verdi i saken at fristen for idriftsetting og avslutning av elsertifikatordninga er samanfallande.

NVEs vurdering av klagen

I vedtaket vårt av 06.07.2020 vurderte NVE fordelane og ulempene ved ei utsett frist for idriftsetting. RWEs søknad om konsesjonsendring vart handsama etter energilova § 10-4 annet ledd. I forarbeida er det blant anna uttalt at endringar etter søknad frå konsesjonæren «*kan være aktuelle dersom konsesjonæren kan påvise at et tyngende vilkår ikke lenger fremmer sitt formål eller at fordelene ved et vilkår ikke lenger står i forhold til omkostninger det medfører for konsesjonæren*».

Etter NVEs vurdering medfører noverande vilkår om idriftsetting av vindkraftverket innan 31.12.2021 mest sannsynleg til at konsesjonen ikkje kan realiserast jf. vårt vedtak av 06.07.2020, noko som medfører vesentlege omkostningar for konsesjonæren.

NVE ser at det kan være argument for å skilja mellom konsesjonar som vart gitt for mange år tilbake og som har fått fleire fristutsetjingar, og konsesjonar av nyare dato.

Dette vart vege opp mot vårt brev av 27.11.2019 til alle konsesjonærar der vi opplyste om at frist for idriftsetting normalt ikkje ville forlengast utover 31.12.2021. Det er berre i særskilte tilfelle der konsesjonæren har kome langt i byggearbeida, men uventa forhold hindrar idriftsetting innan fristen at NVE likevel kan forlenga fristen for idriftsetting utover 31.12.2021. NVE meiner det ikkje er oppfylt i dette tilfellet.



Vi viser også til Stortingets vedtak av 19.06.2020, der gjeldande forvaltningspraksis og politikk er at ein ikkje ynskjer utsett frist for idriftsetting av vindkraftverk på land i Noreg utover 31.12.2021.

NVE ser at utsett frist for høyringsinnspel til detaljplan/MTA-plan, vil kunne påverke tida som står att for realisering av prosjektet. Til tross for denne samanhengen, meiner NVE at det er naudsynt at sentrale høyringspartar får tilstrekkeleg tid til å kome med innspel til detaljplan/MTA-plan.

Vi viser samtidig til at det er mogleg å vurdere prosjektet på nytt av NVE etter at Stortinget har handsama Stortingsmelding 28 (2019-2020) Vindkraft på Land, som kan leia til nye konsesjonsprosessen for vindkraftsaker.

Birkenes kommune

Birkenes kommune er vertskommunen for det planlagde vindkraftverket. I kommunestyremøte av 03.09.2020 og 04.09.2020 anbefalte kommunen å gi RWE eit års utsett frist for idriftsetting.

Konklusjon

NVE kan ikkje sjå at det i klagen er kome fram nye opplysningar frå konsesjonæren som gir grunnlag for å endra vårt vedtak av 06.07.2020. Klagen blir derfor oversendt Olje- og energidepartementet til endeleg avgjersle i medhald av forvaltningsloven § 33.

Alle sakens dokument blir gjort tilgjengeleg for departementet gjennom internettløysinga SeDok.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Arne Olsen
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Birkenes kommune
RWE WIND NORWAY, BRANCH OF RWE WIND NORWAY AB